



Malene Dekke Eik stiller ut i Galleri Oska

Det dukkar stadig opp nye og spennande tilbod etter kvart som Roy Lervåg presenterer kva han har på programmet på vertshuset på Sandakaaien her i Uskedalen. Fredag førstkommande er det klart for opning av Galleri Oska, og den første utstillaren er den lokale kunstnaren Malene Dekke Eik frå Rosendal.

Roy Lervåg seier at dei er svært glade for å starta året på Oska med utstillingopninga Arbeid av Von Dieche, ei flott utstilling av Malene Dekke Eik frå Rosendal.

Malene Dekke Eik tar for tida utdanninga Bachelor of Fine Art ved RMIT university i Melbourne i Australia. No har ho vore heime på juleferie, og ho startar på andre året av utdanninga i februar. Utstillinga på Galleri Oska kjem til å innehalda både gamle og nye motiv. For det meste jobbar ho med spraymåling og stencilar, men dette er ei utstilling med blanda teknikkar der det i tillegg er blitt brukt monoprint, cyanotype og acryl.

Utstillinga opnar på Galleri Oska (Vertshuset på Sandakaaien) i Uskedalen fredag 8. januar kl. 20.00.

SMAKIFRÅ *Oska*

USKEDALEN



Galleri
Oska
presenterer

Arbeid av Von Dieche

Vi er glad for å starte året på Oska med en flott utstilling av den lokale kunstneren fra Rosendal, Malene Dekke Eik.

For øyeblikket tar ho utdanninga Bachelor of Fine Art ved RMIT university i Melbourne, Australia. No har ho vore heima på juleferie og startar andre året i utdanninga i februar. Utstillinga på Oska kjem til å innehalda både gamle og nye motiv. For det meste jobbar ho med spraymaling og stencilar, men dette er ei utstilling med blanda teknikkar der det i tillegg er blitt brukt monoprint, cyanotype og akryl.

Utstillinga opnar på Oska i Uskedalen fredag 8. januar klokka 20.00.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen